

Lars Mæhle

Andromeda

Ungdomsroman

The universe is a big place, perhaps the biggest.

Kurt Vonnegut

NO

PROLOG

– Du har fått post!

Eg vakna med eit rykk, kasta eit blick mot klokka. Halv ni på ein laurdag? I alle dagar.

Det banka på døra. Roar ropte av full hals der utanfor.

– Simon! Det er pakke til deg!

Eg vrei føtene ut av dyna. Like etterpå kila trepanelet kaldt mot fotblada. Eg blei sitjande eit sekund og berre summe meg.

Bankinga heldt fram. Herregud, hadde det klikka heilt for den nerden?

Eg stønna, tok dei få stega over rommet, fram mot døra. I spegelen over kommoden fekk eg eit glimt av ansiktet mitt.

Eg stansa.

Blåmerka på kinnnet og rundt auga lyste mot meg. Eg såg søren ikkje ut. Det var fem dagar sidan 16.-maifesten, og alt – absolutt alt – var forandra. Eg hadde halde meg unna folk, sagt at eg hadde hjerneristing.

Men det var berre halve sanninga.

For blåveisane var ingenting samanlikna med kor gruffull eg kjente meg *innvendig*. Kjenslene var i ulage. Eg visste søren ikkje opp ned på verda lenger. Eg torde ikkje sjå ei sjel i auga. Og særleg ikkje ...

– Hallo-o? Simon?

Eg gav opp og opna døra.

Roar stod utanfor, akkurat passe vill i blikket. Han planta ein stor boblepose i hendene mine. Først skjønnte eg ikkje bæra. Eg venta da ikkje pakke frå nokon? Men da eg kjente att namnet på avsendaren, stivna eg.

Pippin. I alle dagar ...

– Skal du ikkje opne, da?

Eg skotta opp mot fosterfar min.

– Pakka er til *meg*.

Roar løfta hendene.

– Jøsses, du skal få opne henne i fred, altså.

Eg lukka døra, tok med bobleposen og sette meg på sengekanten. Deretter flerra eg opp konvolutten.

Da eg trekte ut gjenstanden, blei eg sitjande og måpe.

Det var ei sommarfuglkasse. Ein liten glasmonter med eitt einaste eksemplar. Krystallklar og kvit. Fire svarte prikkar – to på kvar øvre del av vengane, på skrå ovanfor hovudet.

Mnemosynesommarfuglen. Ein hann.

Eg sokk tilbake i senga. Blei liggande og stire opp i den måla stjernehimmlen over meg.

Eg visste kva dette tydde på. Å ja. Pippin hadde vore oppe i lia. Han hadde klart å fange den helvetes sommarfuglen. Enda det var ulovleg og alt. Eller så hadde han lurt meg.

Kunne han ha hatt den sommarfuglen heile tida, da?

Det einaste eg var sikker på, var at eg hadde hjarteklapp.

To sekund etter spratt eg opp igjen. Eg begynte å leite panisk gjennom bobleposen etter eit følgjebrev, ein lapp, eit eller anna skriv.

Men eg fann ingenting.

Ikkje før eg snudde sommarfuglkassa. Der stod det nokre få setningar på ein gul post-it-lapp:

Simon! Nokre få gongar i livet finn du eit eksemplar så sjeldan at du berre veit det: Du må la alle reglar fare og ofre alt for å samle på det. No skal du gå ut og halde din del av avtalen.

Pippin

Gåsehud prikka fram på overarmene mine.

Etterpå la eg montereren med mnemosynesommarfuglen forsiktig frå meg oppå dyna.

Auga mine søkte seg mot vindauget – og ut i den kalde, klare maimorgonen.

Sakte begynte eg å rugge på hovudet. Avtalen. Svarte! At eg hadde tatt han i handa på det der!

Men det verste var at Pippin hadde rett. Eg *var* nøydd. Dette var viktigare enn alt. Eg forstod jo det. Men samtidig visste eg ikkje om eg makta oppgåva som venta. Eg gjekk nok for å vere ein hard jævel. Men *dette*. Det var det nifsaste, mest pinefulle av alt.

Men faktisk også det einaste eg brydde meg om akkurat no.

Eg sat der på sengekanten og samla mot, trekte lange drag med luft ned i lungene. Det prikka og kribla i heile kroppen. Etterpå løfta eg opp montereren framfor meg og studerte sommarfuglen. Kvar minste detalj stod fram for meg.

Og i same augeblikk reiste eg meg. Eg gjekk ut av døra, ned trappa, stakk føtene i joggeskoa i gangen, drog opp ytterdøra, vandra ut i morgonen i berre pysjen og med montereren framleis i handa. Men herregud, eg ville ikkje fikse det!

Samtidig visste eg at alt det der måtte eg drite i. Alt anna enn å halde avtalen var uvesentleg.

For no gjer eg det verkeleg. Yes. No er eg på veg. No skjer det.

No opnar eg døra og går ut i dagen.